



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201300629-9/344/TALHALS

Dykkar ref.:
NVE 200804834-9

Bergen, 02. april 2013

Søknad om løyve til bygging av Vambheim kraftverk i Ulvik kommune - fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 9. januar d.å. der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn om Hardangeralliansen ved Kraftkarane sin søknad om løyve til utbygging av Vambheim kraftverk i Ulvik herad.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama sak 81/13 på møte 21. mars og vedtok følgjande fråsegn:

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygginga, gjeve at kulturminnespørsmåla vert avklara utan konflikt. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne og fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Det er knytt motsegn til konsesjonssøknaden for Vambheim kraftverk inntil undersøkingsplikta er oppfylt.
2. Fylkeskommunen avventar endeleg vedtak i saka om utbygging av Vambheim kraftverk til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er gjennomført.
3. Fylkesutvalet rår til utbygging av Vambheim kraftverk under føresetnad av at ansvarleg mynde innanfor biologisk mangfald og fisk finn utbygginga akseptabel. Fylkesutvalet føresett at fylkespolitiske retningslinjer vert lagde til grunn ved vurdering av konsesjonsspørsmålet og peiker særleg på R5.3 om vassstilknytta fugl og R6.3 om aure.

Vedlagt følgjer kopi av saksframlegg og protokoll frå møte i Fylkesutvalet 21. mars og Kultur- og ressursutvalet 5. mars.

Venleg helsing

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
Rådgjevar

Vedlegg: *Konsesjonssøknad for Vambheim kraftverk i Ulvik herad – Fråsegn.* Saksframlegg og protokoll.

Kopi: Lars Øyvind Birkenes, Kultur- og idrettsavdelinga



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201300629
Arkivnr. 344
Sakshandsamar Halsør, Tale

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	05.03.13	29/13
Fylkesutvalet	21.03.13	81/13

KONSESJONSSØKNAD FOR VAMBHEIM KRAFTVERK I ULVIK HERAD - FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 05.03.13

Tom S. Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

”Fylkesutvalet finn det vanskeleg å ta stilling til den omsøkte utbygginga då søknaden gir eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag for konsekvensane for kulturminne, biologisk mangfald og fiskeinteresser. Av føre-var-prinsippet fråår fylkesutvalet utbygging på det noverande tidspunkt.»

Christopher Beckham (A) sette fram slikt forslag:

”Kultur- og ressursutvalet ber om at saken kommer tilbake til utvalget når alle sider ved saken er ferdig utredet.»

Røysting

Beckham sitt forslag fekk 3 røyster (A) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot Tomren sitt forslag som fekk 3 røyster (MDG, Krf og Rødt).

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygginga, gjeve at kulturminnespørsmåla vert avklara utan konflikt. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne og fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Det er knytt motsegn til konsesjonssøknaden for Vambheim kraftverk inntil undersøkingsplikta er oppfylt.
2. Fylkeskommunen avventar endeleg vedtak i saka om utbygging av Vambheim kraftverk til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er gjennomført.

3. Fylkesutvalet rår til utbygging av Vambheim kraftverk under føresetnad av at ansvarleg mynde innanfor biologisk mangfald og fisk finn utbygginga akseptabel. Fylkesutvalet føresett at fylkespolitiske retningsliner vert lagde til grunn ved vurdering av konsesjonsspørsmålet og peiker særleg på R5.3 om vasstilknytta fugl og R6.3 om aure.

Fylkesutvalet 21.03.13

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygginga, gjeve at kulturminnespørsmåla vert avklara utan konflikt. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne og fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Det er knytt motsegn til konsesjonssøknaden for Vambheim kraftverk inntil undersøkingsplikta er oppfylt.
2. Fylkeskommunen avventar endeleg vedtak i saka om utbygging av Vambheim kraftverk til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er gjennomført.
3. Fylkesutvalet rår til utbygging av Vambheim kraftverk under føresetnad av at ansvarleg mynde innanfor biologisk mangfald og fisk finn utbygginga akseptabel. Fylkesutvalet føresett at fylkespolitiske retningsliner vert lagde til grunn ved vurdering av konsesjonsspørsmålet og peiker særleg på R5.3 om vasstilknytta fugl og R6.3 om aure.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 22. mars 2013

FYLKESRÅDVALENT I HORDALAND

Melania Buteba



Regionalavdelinga

Klima- og naturressursseksjonen

Arkivsak 201300629-4
Arkivnr. 344
Saksh. Tale Halsør, Lars Øyvind Birkenes

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	05.03.2013
Fylkesutvalet	21.03.2013

KONSESJONSSØKNAD FOR VAMBHEIM KRAFTVERK I ULVIK HERAD - FRÅSEGN

SAMANDRAG

Grunneigarane til Vambheimselvi i Ulvik herad søker om å få byggje ut Vambheimselvi kraftverk. Utbygginga vil årleg gje om lag åtte GWh straum, derav to GWh om vinteren. Utbygginga vil ikkje gje regulerbar kraft.

Utbygginga har potensial for konflikt med kulturminne, biologisk mangfald og fiskeinteresser. Søknaden gir eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag til å vurdere desse spørsmåla.

Det er tidlegare gjort funn av kulturminne i området på begge sider av Vambheimselvi. Det er ikkje gjennomført undersøkingar for kulturminne i området og det er potensial for funn.

Vambheimselvi dannar botnen av ei særleg rik bekkekløft med stor variasjon i vegetasjon som også inkluderer truga artar. Verdien av bekkekløfta er vurdert til å ligge opp mot nasjonal verdi. Vassdraget har ei anadrom strekning som fører aure og det er bekkeare i elva. Det er også sannsynleg at fossefall og vintererle hekkar i elva. Her må NVE leggje vurderinga frå fylkesmannen til grunn for konsesjonsspørsmålet.


FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygginga, gjeve at kulturminnespørsmåla vert avklara utan konflikt. Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne og fylkesutvalet krev at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Det er knytt motsegn til konsesjonssøknaden for Vambheim kraftverk inntil undersøkingsplikta er oppfylt.
2. Fylkeskommunen avventar endeleg vedtak i saka om utbygging av Vambheim kraftverk til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er gjennomført.

3. Fylkesutvalet rår til utbygging av Vambheim kraftverk under føresetnad av at ansvarleg mynde innanfor biologisk mangfald og fisk finn utbygginga akseptabel. Fylkesutvalet føresett at fylkespolitiske retningsliner vert lagde til grunn ved vurdering av konsesjonsspørsmålet og peiker særleg på R5.3 om vasstilknytta fugl og R6.3 om aure.



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann



Bård Sandal
Regionaldirektør

Vedlegg:

Utdrag frå Bergen Museum - Førhistoriske minne på Vestlandet

Lenker:

Søknad til NVE:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=5577&type=11>

Kartlegging av bekkekløft i Vambheimselva (7 s.)

http://biolitt.biofokus.no/rapporter/omraadebeskrivelser/Bekkekloefter2009_Hordaland_Vambheimselva.pdf

Det ligg føre søknad frå Hardangeralliansen v/Kraftkarane AS om løyve til bygging av Vambheim kraftverk i Ulvik herad. Prosjektet vil nytte fallhøgda mellom 185 til 20 meter i Vambheimselvi til kraftproduksjon. Installert effekt er planlagt til 2,5 MW og estimert kraftproduksjon er 8 GWh årleg. Søknaden skal handsamast etter § 8 i vassressurslova og NVE har heimel til å gje løyve. Fylkeskommunen er høyringspart i handsaminga av søknaden, som er på høyring til 21. februar 2013. Fylkeskommunen har bede om og fått innvilga å utsetje innsending av fråsegn til 22. mars 2013.

1. Søknaden

Skildring av området

Tiltaksområdet høyrer til Hardangerfjorden. Vambheimselvi er eit mindre vassdrag i Ulvik herad og renn ut i Ulvikspollen, sørvest for Ulvik sentrum. Det er i dag nokre hus, vegar og plantefelt av gran oppover elva til planlagt inntak, medan sjølv elveløpet er lite påverka av menneskeleg aktivitet. Det er rik skog i dei sørvende liene i langs elva og fine fossar lenger oppe i vassdraget. Elvestrekket som er søkt regulert går djupt i terrenget og prega av markante elve- og bekkekløfter, men er utan fossar på strekninga.




Fig. 3. Planlagt utbygging med 1 hovedinntak på 185 moh, 2 bekkeinntak og kraftstasjon nede i dalbunnen. Rørtaséen: grønn linje. Blå linjer: lokale vegar. Røde linjer: skogbilveger.

Utbyggingsplanane

Utbyggerane ønskjer å nytte eit fall på 165 meter i Vambheimselvi. Inntaket vil vere på 185 moh medan kraftstasjonen vil liggje på 20 moh. Dei vil etablere ei nedgrave rørgate frå inntak til stasjon med tilhøyrande midlertidig anleggsveg. Der er allereie vegar i området som seinare kan nyttast til tilsyn av inntak og stasjon.

Tiltaket vil gi 2,5 MW ny effekt og estimert årsproduksjon er sett til 8 GWh fordelt med 2 GWh vinter og 6 GWh sommar. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring heile året tilsvarende alminneleg lågvassføring, dvs. 78 l/s. Prosjektet har ingen regulering.

Prosjektkostnaden er estimert til 23 mill. kr, som gjev ein utbyggingspris på 2,87 kr/kWh.

Nett

Kraftstasjonen vil kople seg til eksisterande 22 kV-linje, som har påkoplingspunkt 50 meter frå kraftstasjonen. Nettilknytting vil dimed ikkje føre til direkte inngrep i naturen. Grunna fleire planlagde utbyggingar i same område har ikkje netteigaren Hardanger Energi uttalt seg om ledig kapasitet i nettet. Det vil truleg vere naudsynt å auke kapasiteten i nettet og det eksisterer allereie planar for mellom anna ny transformatorstasjon i Ulvik. Eventuelle kostnader for å auke nettkapasiteten er ikkje inkludert i utbyggingskostnadane.

Anlegg

Det er ikkje planar om tunnelar i prosjektet og det vil difor vere avgrensa mengd med massar. Plan for overskot frå anleggsarbeidet vert utarbeida i detaljprosjekteringa. Prosjektet inkluderer ei 1500 meter lang røyrgate med tilhøyrande anleggsveg. Røyrkata og vegen vil danne ein midlertidig 10-15 meter brei korridor gjennom landbruksjord, granplantefelt og naturskog.

Avbøtande tiltak

Kraftstasjonen, som ligg nær bustader, er venta å gi frå seg ein del støy. Det er planlagt avbøtande tiltak for å redusere støynivået.

2. Verknad for naturmiljø, ressursar og samfunnsinteresser

Til søknaden er det utarbeidd ein rapport om biologisk mangfald frå 2008. Utover dette er det ikkje gjort konsekvensvurderingar for tema vi ser på under.

Landskap

Hardangerfjorden er i Fylkesdelplan for små vasskraftverk vurdert til å ha stor landskapsverdi. Influensområdet for dette kraftverket er ikkje i nærleiken av urørte naturområde (INON), og utbygginga vil difor ikkje føre til reduksjon i urørte naturområde. I og med at elveløpet går djupt i landskapet og difor er lite synleg vil redusert vassføring ikkje føre til konsekvensar for landskapsopplevinga. Hovudkonsekvensen for utbygginga på landskapsverdien er den 1,5 km lange røyrtraseen med tilhøyrande anleggsveg. Denne vil vere 10-15 meter brei og strekkje seg oppover frå Ulvik. Beltet utan vegetasjon vil vere synleg i dei åra det tek før han gror att. Det er verdt å merkje seg at dette området allereie i dag har hus, hytter og vegar. Innverknaden av tiltaket på landskap er i følgje skogbrukssjefen i Ulvik herad vurdert til liten.

Biologisk mangfald

Konsulentar undersøkte området i 2008 og vurderte det då til å ha middels til stor verdi med tanke på biologisk mangfald. Denne verdien er i all hovudsak knytt til bekkekløfta som dekkjer om lag det same området som influensområdet for utbygginga. I etterkant vart denne bekkekløfta plukka ut til den nasjonale kartlegginga av bekkekløfter (2009-2010), grunna høgt potensial.

Kartlegginga konkluderte med artsmangfaldet i kløfta er middels rikt og som venta i ei bekkekløft som denne. Bekkekløfta ligg i eit variert terreng og er særleg stor. Vegetasjonen i kløfta er rik og samansett, med særleg god fordeling av treslag. Til gjengjeld er det ikkje fossar i kløfta og dimed heller ikkje ei fossesprøytsone med tilhøyrande vegetasjon. Det gav følgjande vurdering: *Samlet sett vurderes Vambheimselva som mellom nasjonal og regional verdifull, med vekt på nasjonal (eller A/B i naturtypesammenheng) – verdi 4¹.*

Det er ikkje gjort kartlegging eller undersøking av fugleliv som er knytt til elva, men det er i følgje søkar truleg hekkande fossefall, vintererle, linerle og strandsnipe i elva. Det er rapportert observasjon av stasjonær vintererle i artsdatabanken.

Fisk

Vambheimselva er ei fiskeelv med sjøaure og elva er klassifisert til stor verdi i Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Det er ikkje gjort undersøkingar av tilhøva for fisk i elva, men ein trur at fisken vandrar

¹ Vurderingane er i skalaen 0-6 der 0 er «ingen verdi» og 6 er «nasjonal verdi i særklasse»

inn til naturleg stopp ved fossen som ligg nedanfor den planlagde kraftstasjonen og dimed utløpet frå vasskraftverket. Det er difor ikkje venta at utbygginga vil få særlege konsekvensar for fisk på anadrom strekning i driftsfasen fordi vassføringa der sjøauren oppheld seg ikkje vil endrast. Ulvik herad har stilt spørsmålsteikn ved denne vurderinga og meiner vandringsmønsteret til fisken må undersøkjast nærare før utbygginga startar. Dersom fisken går lenger opp i elva bør det iversetjast avbøtande tiltak som minstevassføring og tekniske tiltak for å lette vandringa og hindre at fisken går i turbinane. Det er bekkeare lenger oppe i elva, som vil kunne påverkast av utbygginga. Det er ikkje gjort noko verdivurdering av denne fiskestammen eller konsekvensvurdering av utbygginga på levevilkåra til fisken.

Friluftsliv/Reiseliv

Elvestrekket som vert endra grunna utbygging ligg i eit bratt juv og er dimed vanskeleg tilgjengeleg. Det er difor lite nytta til friluftsliv. Utover det er nærområdet tilgjengeleg med skogsveggar og hytter og det foregår jakt i området. Det er ikkje venta at tiltaket vil få konsekvensar for friluftsliv i området. Det er cruisehamn i Ulvik og to turistbåtruter går inn til området. Då elva ikkje er godt synleg og det heller ikkje er eksponerte fossar i det råka elvestrekket vil utbygginga ikkje få særlege konsekvensar for reiseliv. Røyrtraseen vil i nokre år gi eit 10-15 meter breitt og 1,5 km langt belte bart for skog oppover langs elva. Dette vil truleg vere noko synleg frå fjorden i perioden før det gror att.

Samfunn

Det er inngått avtale mellom Hardanger Energi AS, Kraftkarane og fallrettshavarane om planlegging og søking av utbygginga. Det er difor ikkje behov for ekspropriasjon.

3. Vurdering og tilråding

Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk

Fylkestinget vedtok desember 2009 retningslinjer for planlegging og forvaltning av små vasskraftverk i fylket. For denne utbygginga gjev retningslinjene følgjande føringar:

R3	Fjordlandskap: 2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgrater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.
----	---

Utbygginga vil liggje i eit fjordlandskap av stor verdi, men har ikkje eksponerte fossar eller vassdrag. Retningslina gjev at anleggsveg og røyrtrase må diskret utformast og at spora etter desse må tilbakeførast snart etter utbygging.

R5	Biologisk mangfald: 1. Ein skal vise varsemd med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er "kritisk truga" (CR), "sterkt truga (EN)" eller "sårbar (VU)" på den norske raudlista. 3. For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.
----	---

Det biologiske mangfaldet i bekkekløfta er særleg rikt og er også leveområde for truga artar. Rikt hasselkratt er rekna som sterkt truga (EN), skorpefiltlav er sårbar (VU) og alm er nær truga (NT). Det er potensial for funn av ytterlegare sjeldne og raudlista artar i kløfta, som er vanskeleg tilgjengeleg og difor vanskeleg å undersøkje. Utbygginga vil gje ein stor reduksjon i vatn i elva. Ein del av artane i kløfta er vasskrevjande, men kunnskap om korleis redusert vassføring påverkar økosystemet og livet i slike bekkekløfter er liten. Det er likevel grunn til å tru at redusert vassføring på sikt vil kunne føre til skade på artar i bekkekløfta.

Det bør vurderast avbøtande tiltak for å leggje til rette for elvefuglar. Minstevassføringa i elva kan tilpassast for å sikre tilstrekkeleg næring og eventuelt kan reirkassar plasserast ut dersom det er grunn til å tru at reirplassar forsvinn.

R6	Fisk: 3. For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein ikkje gje løyve til vesentlege vasstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. For kraftverksutbygging oppstraums aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.
----	---

Det er uavklart status for fisk i elva og korleis utbygginga vil påverke dei. Retningslina gjev at det bør vurderast avbøtande tiltak for å oppretthalde levetilhøva for fisken, dersom utbygginga fører til negative konsekvensar for levetilhøva.

R8	Kulturminne: 1. I område med direkte tilknytting av til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein <i>vise varsemd</i> med løyve til ny vasskraftutbygging.
----	---

Hordaland fylkeskommune er regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Ut frå våre arkiv er det ikkje kjende noverande automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med dei omsøkte tiltaka, men det har vore gjort fleire funn på garden tidlegare.

Dei fleste funna ser ut til å vera gjort på innmark, men ein kan også venta å gjera funn av automatisk freda kulturminne i utmarksområda. Registreringar i utmarka har dei seinare åra avdekkja ei rekkje nye kulturminne knytt til bruk av utmarksressursane, som til dømes kulturminne knytt til gardsdrifta, jakt, fangst, jarnframstilling og steinbrot. Elles er det kjent ei rekkje kulturminne, både førreformatoriske og frå nyare tid, på begge sider av Vambheimselva.

Området er vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei nærare markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminnelova. Ei synfaring vil i første omgang gjerast for å vurdere omfanget av ei slik undersøking.

R9	Reiseliv: 1. I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein <i>vise varsemd</i> med løyve til ny vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.
----	---

Området er vurdert til å ha stor verdi for reiselivet, men tiltaket er ikkje venta å gje varige spor i landskapet. Rask tilbakeføring av røytrase vil vere viktig for å redusere konsekvensane for reiselivet.

Oppsummering

Generelt er kunnskapsgrunnlaget for søknaden mangelfullt. Det er ikkje gjort undersøking av kulturminne. Som sektormynde kan ikkje Fylkeskommunen gje fråsegn før undersøkingsplikta er gjennomført og rår til å avvente konsesjonshandsaminga i NVE til resultat frå kulturminneundersøkingane ligg føre. Forslag til innstilling er difor utforma under føresetnad av at denne undersøkinga vert gjennomført og undersøkinga syner at det ikkje er konflikt mellom tiltaket og kulturminne. Det er knytt motsegn til utbygginga så lenge dette ikkje er avklart.

Utbygginga vil kunne gi negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet i bekkekløfta, som er vurdert til å ha opp mot nasjonal verdi. Utbygginga vil truleg redusere verdien av denne kløfta og levetilhøva for artar som er på den norske raudlista. Vidare vil utbygginga kunne få konsekvensar for fisk og fugl i tilknytting til elva, men kunnskapsgrunnlaget i søknaden er mangelfullt. Fråsegn er difor utforma under føresetnad av at sektormynde godkjenner planane.

Utbygginga er ikkje vurdert å få konsekvensar for samfunn, landskap eller reiseliv.

Utdrag frå Bergen Museum - Førhistoriske minne på Vestlandet:

VAMBHEIM, gnr. 70.

Funnkartet nr. 1. Gudmund Fleten, bnr. 1.

Haug utgraven "nogle Aar" før 1845, skildra av Christie. Haugen var rund, 3 alner høg, hadde eit alentjukt jord-dekke over "en kuppeldannet Kjerne" av stein, "--- i Kjernens ene Side ned mod dens Bund laa en aflang Steenkiste, hvis Laag og Sidestykker vare Steenheller". I kista låg eit sverd (B 1628). "med Slidre af Træe, hvilken sidste hensmuldrede saasnart den berørtes". Ved sverdodden låg ei skålvect (B 486). I kista var vidare to piloddar, spjut innlagt med sylv, og ei tang, som og må vera innkome til B. M., men ikkje kunne finnast att i 1890. Utanfor kista var ei øks og eit bryne. Det har truleg vore ei grav til, med di B 454, B 526-B 532 er funne i same haugen (Christie 1847). Etter Bendixen synest det ha lege fleire haugar på Vambheim. Han nemner Marsteinshaugen, eit lokalitetsnamn, som ikkje lenger er i ålment bruk som er nemnd av Christie) at det skulle vera funne noko som var sendt til B. M. fram mot terrassekanten i nærleiken av bytet mellom bnr. 1 og bnr. 3, men dersom det skulle vera Marsteinshaugen, måtte det etter hans meining vera 50-60 m lenger S, for der gjekk det gamle bytet (marstein = bytestein).

B 454, B 526-B 532 - Yja, mannsgrav, frå fk. nr. 1.

Bilete: Sognnes 1977 fig. 42.

Katalog: Lorange 1875 s. 152, sml. Skirner 1848 s. 30.

B 486 - B 1628 - Yja. mannsgrav frå kiste i fk. nr. 1/1, saman med to piler, spjut, tang.

Bilete: Sognnes 1977 fig. 51.

Katalog: Lorange 1875 s. 151.

B 1437 - Yja. sverd, f. i "en Bakke der blev opkastet og planeret til Ager".

Lorange 1875 s. 151.

B... ? - Øks og skiferbryne, f. utanfor kista i fk. nr. 1, sml. Skirner 1848 s. 30.

Litteratur: Røtting 1825 pkt. g., Christie 1845a, s. 71 ff., Christie 1845b., Christie 1847, Bendixen 1891 s. 26, Olafsen 1925 s. 194.